

UTDANNINGSPROGRAM



NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND

www.akp.no (2024)

FØREORD

INNLEIING

UTDANNINGSPOLITIKK

Utdanninga sin samfunnsmessige funksjon

Kunnskap og utdanning er viktig

Samanhengen mellom økonomi og utdanningsplanlegging

Rasjonaliseringsreformene

Motseiingar i utdanningspolitikken

Framtidsutsikter for forskning og høgare utdanning

STUDENTKAMPEN

Kampen mot nedskjæringane

Omfordelingane innafor studiefinansieringa

Omfordelingar ved utdanningsinstitusjonane

Kampen for ei betre studiefinansiering

velferd og sosial tryggleik

Velferd for alle studentar

Sosial tryggleik

Den faglege kampen

Vitskapleg arbeid og fagkritikk

eksamen og karakterar

Studentorganisering

Studentane sin klassemessige stilling

Studentane må organisere seg i kampen mot staten

Studentkampen og organiseringa i dag

Organisering innafor samskipnadene

Studentorgana ved universiteta

Statleg oppretta organ med studentrepresentasjon

Det regionale høgskolesystemet

Norsk Studentunion, NSU

Landslaget for norske sykepleierstudentar, LNS

Landslaget for norske lærerstudentar, LNL

Fellesrådet for sosialhøgskolestudentar, FR

Distrikthøgskolenes landsforbund, DHL

Korleis utvikle kampdyktig studentorganisering?

KVINNER I HØGARE UTDANNING

UTANLANDSKE STUDENTAR I NOREG

Føreord.

Norges Kommunistiske Studentforbund (NKS) er studentforbundet til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) (AKP-ml), og byggjer på prinsippprogrammet til AKP-ml.

NKS har og utforma eit eige utdanningspolitisk program. I dette heftet vil vi ta opp dei viktigaste spørsmåla om studentane sine faglege og økonomiske kår og linja vår for kampen på desse områda.

Innleiing.

NKS og AKP-ml revolusjonære organisasjonar. Dette betyr at vi trur sosialismen berre kan komma ved ei revolusjonær omvelting av heile samfunnet og ikkje ved gradvise reformer.

Utgangspunktet vårt er at arbeidarklassen og andre undertrykte grupper berre kan oppnå avgrensa resultat av kampane sine under kapitalismen. Sigrar som vert vunne kan syne seg å vere små eller særst kortvarige. Ein avgjerande siger kjem berre ved å styrte heile systemet.

Dette betyr ikkje at interessekampen i dag er uviktig.

For det første er den rettvís. Kommunistar vil alltid sjå det som ei viktig oppgåve i seg sjølv å slåss for at folk skal få det betre.

For det andre haustar ein røynsle og vinn ny kunnskap gjennom interessekampen. Kunnskap og røynsle som er viktig for å kunna reise seg til den avgjerande kampen.

Samstundes som interessekampen er viktig, er det rett å vere klar over at denne kampen i seg sjølv ikkje skapar ei revolusjonær rørsle. Likevel meiner vi at den særreigne studentkampen er viktig av de studen-

tane sine krav om betre faglege og materielle kår er rettvisе krav og avdi denne kampen er ein del av den norske klassekampen.

Vår særskilde oppgåve i interessekampen vert:

1. Å reise kampen for studentane sine krav og stille oss i spissen for den. Vi vil bruke teorien og røynsla vår til å utvikle linjer, taktikk og aksjonsformer som gjer det mogleg å vinna.
2. Vi vil systematisk arbeide for å byggje sterke og kampvillige organisasjonar for å ivareta dei kortsiktige og langsiktige interessene til studentane.
3. Det betyr at vi vil kjempe for breiast mogleg einskap mellom studentane i kampen mot staten. Vi vil kjempe mot alle moglege freistnader på splitting som vil svekke ein slik einskap.
4. Vi vil gå i spissen for å utvikle einskap mellom studentar og andre undertrykte grupper.

Det betyr at vi må samle støtte frå fagrørsla på og utanfor lærestadane. På same vis vil vi mobilisere studentane til å stø arbeidarklassen

sin kamp og den kampen som undertrykte folk i verda fører mot imperialismen. Vi må vise at dette er den same kampen.

5. Vi vil bruke lærdommane frå kampen for å utvikle ei forståing av det kapitalistiske samfunnet, og auke medvitnet om at den sosialistiske revolusjonen er naudsyn-

leg og knyte fleire frå denne kampen til den kommunistiske rørsle.

Arbeidet for studentane sine særegne interesser er berre eitt av dei mange felte NKS jobbar på. Prioriteringa av studentkampen, eller ulike felt innafor denne vil verta avgjort av stoda i NKS, blant studentane eller klassekampen ellers.

UTDANNINGSPOLITIKK

Utdanninga sin samfunnsfunksjon.

I åra 1848-50 vart den herskande klassen i Noreg rysta i sitt innerste av tusenvis av småkårsfolk som reiste hovudet og byrja å snakke om «krav» og «rettar»: Thrane-rørsle feia over landet og vekte arbeidarar og husmenn i masseomfang til klassekamp. Mot denne rørsle tok herskarklassen i bruk tukthus og brutal undertrykking, og dei klarte å ri av stormen, for ei tid. Men borgarskapet skjøna at tukthusmurar ikkje var nok til å stoppe dei undertrykte sitt raseri. Difor såg dei seg om etter andre middel, og eit av desse middela var utdanning.

På denne tida vart det sett i gang nye tiltak for å betre folkeopplysninga i Noreg. «Selskabet for Folkeopplysningens Fremme» vart til i 1851, og same år la regjeringa fram ei tilråding om nyordning av allmugeskolar på landet.

Når det i 1850- og 1860-åra vaks fram mange nye tiltak innafor opplysningsarbeidet, har det samanheng med to sterke straumdrag i norsk kultur- og samfunnsliv på

denne tida som kan samanfattast i namna Marcus Thrane og Grundtvig.

Thrane sine arbeidarforeiningar skapte langt større breidde blant arbeidarar og husmenn enn tidlegare med omsyn til interesse for kunnskap og personleg utvikling, og denne interessa har levd vidare etter at Thrane var fengsla og verksemda hans stansa. Den Thrane-rørsle som skulle nedkjempast med «folkeopplysning» hadde altså sjølv kravet om skikkelig skolegang som ein viktig del av programmet sitt. Slik ordla rørsle seg:

«Skolen bør ikke som forhen være en anstalt, hvor barnet tvinges til alene at puge de reglementerede religionsbøger, men en sand folkeskole, hvor det oplæres i alle de kundskaber, det siden tiltrænger både som medlem af kirke og stat, altså i naturlære, historie, geografi, naturkræfternes anvendelse, og, når det ved anførte fag var kommet til tænkning, i religionslære.»

Grundtvigtilhengarane represen-

terte det andre straumdraget på denne tida, som bar fram kravet om auka folkeopplysning. Grundtvigtilhengarane såg den store tilslutninga til Thrane som eit utslag av uvit. Det gjaldt å redde landet frå slike kref-ter, og den einaste utvegen var då auka folkeopplysning.

Skrekken for Marcus Thrane og trua på Grundtvig nemner Høigaard og Ruge i «Den norske skoles historie» som ei vesentleg forklaring på dei nye tiltaka innafor opplysningsarbeidet i 1850- og 60-åra.

Kva målet med denne «folkeopp-lysninga» skulle vera kjem og klart fram i ein artikkel i «Christiania-posten» frå 1850 under titelen «Om arbeideragitationen». Der vert det hevda at «den hos oss begynnende gjæring» måtte føre til auka folkeopplysning. Særleg burde arbeidarklassen opplystast om samfunnet sin verkemåte og økonomi, for om desse tilhøva hadde dei tydelegvis danna seg svært falske før-estillinger. Eit halvår seinare skreiv same avis at berre «sand religiøsitet og opplysning» kunne få massene til å fatte «det rette synspunkt af sin jammer og nød».

For den herskande klassen var

altså utdanninga eit middel til å halde på makta si, ved å indoktri-ner «almuen» til å finne seg i undertrykkjinga og nedkjempe «far-lige lærdommer». Mykje har endra seg i skolen sidan 1850, men akku-rat dette har ikkje endra seg. Vi lever framleis i eit klassesamfunn, der borgarskapet undertrykkjer og ut-bytter arbeidarklassen og det arbeidande folket. Og eitt av rei-skapa for å oppretthalde dette tilhø-vet er framleis utdanninga. Utdan-ninga gjer dette på minst to måtar:

1) Ved å gi elevane ein del kunnska-par som er naudsynte for at dei skal kunne verke i den kapitalistiske pro-duksjonen, og ved å utdanne ulike slag ekspertar som er naudsynlege for å halde det borgarlege sam-funnsmaskineriet gåande, og høgt kvalifiserte folk som kan vera med på å auke profitten gjennom tekno-logiske nyvinningar.

Om vi innser at utdanninga er ein reiskap for å halde på og styrke makta til borgarskapet betyr likevel ikkje at vi er mot skolegang og ut-danning eller at vi er uinteresserte i utdanninga sitt innhald og form. Ut-danninga er eit tveegga sverd for borgarskapet.

Kvifor kunnskap og utdanning er viktig

I dag syner det seg at utdanninga vert svekka. Utdanningsinstitusjo-nane får ei styrka stilling når det gjeld spreiring av borgarleg tenking og klasse-samarbeidsideologi. Den funksjonen denne politikken har er å hindre opprør mot det kapitalistiske systemet, og å bruke skolen som oppbevaringsanstaltar for arbeids-laus ungdom. Det har vore ei tydelig nivåsenking i skolen som har forp-lanta seg opp i høgare utdanning.

Dette må sjåast i nær samanheng med dei økonomiske forverringane som utdanningsinstitusjonane og studentane har vorte påførte av Staten.

Det er arbeidarklassen sine ungar som vert ramma av denne svek-kinga. Ungane frå borgarskapet og/eller akademiske familiar kan skaffe seg kunnskap gjennom eit in-tellektuelt miljø eller dyre privatsko-lar. Borgarskapet vil sikre sine ungar

arbeid uansett.

Årsaka til arbeidarklassen sin framvekst og deira krav om «lik rett til utdanning» oppstod i samband med «den industrielle revolusjon» og etableringa av to historisk sett nye klassar: Borgarskapet og arbeidarklassen. Kampen om utdanning og betring av sosiale og økonomiske kår kom som eit resultat av ei revolusjonerande utvikling av produktivkreftene (teknologi og industri) og produksjonsforholda (maktforholda). Arbeidarklassen har dei siste åra kjempa for retten til kunnskap. Dette fordi arbeidarklassen må ha kunnskap for å kunne frigjere seg. Når arbeidarklassen tileigner seg kunnskap om samfunnet si eiga stilling, er det med på å legge grunnlaget for frigjeringa.

Kunnskap er ikkje knytt til klassar. Kunnskap er kunnskap om røyndommen. Difor er kunnskapen som er formidla av dei borarlege institusjonane slett ikkje unyttig kunnskap. Det borgarlege kunnskapsbegrepet skil derimot ikkje mellom kunnskap og verdjar. Borgarskapet framstiller sin ideologi som sannheit. Til dømes seier dei at Noreg er eit demokratisk land. Dette er ikkje ein sann kunn-

skap men borgarleg ideologi. Årsaka til at vi slår dette fast er at vi ikkje må avvise den kunnskapen borgarskapet har å formidle, men tileigne oss den for å få kjennskap til korleis den fungerer saman med ideologiproduksjonen, for å kunne avsløre og arbeide mot det kapitalistiske systemet.

Kravet om utdanning har vore dei undertrykte klassane sitt krav. Kunnskap har for dei vore naudsynt, medan det for borgarskapet og har vore farleg. Til sjuande og sist er kunnskap naudsynt for at arbeidarklassen skal ta makta. Innsikt i produksjonen sine ulike sider, og lovene for samfunnet og kapitalen sine klasseinteresser står i motseiing til at utdanninga skal gi sann kunnskap om røyndommen. Arbeidarklassen har derimot interesse av at dei verkelege samanhengane kjem fram og vert formidla.

Utdanninga si oppgåve må i fyrste rekkje vera kunnskapsformidling. Kunnskap er makt, og fåkunne står i vegen for arbeidarklassen sin kamp. Kampen for kunnskap under slagordet: «Kunnskap er makt»! er ei utfordring mot heile det kapitalistiske systemet.

Samanhengen mellom økonomi og utdanningspolitisk planlegging.

På 50- og 60-talet fekk vi ein utdanningseksplasjon i Noreg.

Kva var årsaka til denne utviklinga? Ettersom den viktigaste målsettinga på denne tida var auka økonomisk vekst fekk vi ei storstilt satsing på høgare utdanning.

Teorien bak utdanningsplanlegginga på denne tida var at det fanst ein direkte samanhang mellom utdanningsnivå og brutto nasjonalprodukt.

Trongen for høgt utdanna arbeidskraft skreiv seg hovudsakleg frå tre tilhøve:

- den raske teknologiske utviklinga
- veksten i statsapparatet
- veksten i sosialsektoren

I denne første perioden kan vi snakke om ei generell investering i utdanning. Ekspansjonen vart for ein stor del avgjort av etterspurnaden.

Utover på 60-talet voks forstå-

inga for at det ikkje er det same kva slag utdanning det vert investert i. No vart grunnlaget lagt for ulike tiltak som skulle styre utdanningsstraumen slik at den betre skulle passe til næringslivet sitt behov.

Den raske teknologiske utviklinga stilte større krav til fleksibel arbeidskraft. Arbeidskrafta skulle vera mobil både geografisk og yrkesmessig.

I dag kan vi sjå at det finnst sterke mekanismar for å styre utdanningsstraumen inn i økonomiske, teknologiske og administrative fag. Dette heng bl.a. saman med profittutsiktane i data- og oljebransjen. Den sterke satsinga på høgare utdanning fram mot 70-talet var vanleg for vestlege land, men det fanst likevel skilnader som i større grad kan forklarast politisk.

I Noreg vart utdanningspolitikken driven fram under slagordet om «utdanning til likskap» av ulike arbeidspartiregjeringsar. Dette var dels grunna på Arbeidspartiet sitt behov for legitimering blant veljarar frå arbeidarklassen. Men det skuldast og krav som arbeidarrørsla sjølv hadde reist for kunnskap.

Rasjonaliseringsreformene.

Allereie på midten av 60-talet kunne ein observere at den sterke veksten i utdanninga ikkje var tilstrekkeleg avpassa etter samfunnet sitt behov. I dei etterfølgjande 15-20 åra har nye reformer jamnleg vorte lagde fram for å komma slike krav i møte. Slagordet vart no «livslang læring». Tankegangen var at sidan faktisk kunnskap raskt vert forelda, var det meir rasjonelt å leggja vekt på å «lære å lære». Dette skulle vere med på å gjere arbeidskrafta meir fleksibel.

Steen-komiteen, 1965.

Steen var komiteen som planla den vidaregåande skolen og skulle byggje ned skilja mellom teoretisk og praktisk utdanning ved å skifte namn på skolen, «einskapsskolen». I tilrådinga frå denne komiteen vart det uttrykt i klartekst at studieteknikk og almenkunnskapar bør vere tillagt større vekt enn konkrete kunnskapar.

Ottosen-komiteen, 1969.

Denne la fram fleire innstillingar om høgare utdanning på slutten av 60-talet, som vart viktige saker i studentopprøret. Stikkord for komiteen sine planar var nedkorting og effektivisering av studietida:

- ved innføring av korte yrkesretta utdanningar utanfor universiteta (det som i dag utgjer det regionale høgskolesystemet).
- strukturendringar i studiet som skulle skilje ut forskarelitene på eit tidleg tidspunkt.
- innføring av eit sams vektalsystem for universitetet og høgskola.

Mange av forslaga som vart slått attende av studentane er i dag heilt eller delvis gjennomførte.

Dette har skapt ei utvikling med større eksamenspress og gjort det vanskelegare med fagleg fordjuping og kritisk tenking.

Stortingsmelding nr. 45, 1980

Stortingsmeldinga om arbeid og utdanning var ei oppfølging av Ottosen-komiteen.

Arbeidspartiet framstilte meldinga som ein freistnad på å bryte skiljet mellom intellektuelt og manuelt arbeid, ved at folk skulle veksle mellom arbeid og utdanning heile livet

gjennom. Det skulle leggest mindre vekt på grunnutdanning i høve til etterutdanning.

I takt med nedtoninga av behovet for fagutdanning vart det retta åtak mot «profesjonane». Dette er i samsvar med «Hernesideologien» som hevdar at profesjonane er dei reelle maktgruppene i samfunnet. Dermed kan helsepersonellet sin kamp mot nedskjæringar avvisast med at det berre er ein kamp for deira eigne

snevre profesjonsinteresser.

Sidan midten av 60-talet har det skjedd ei styring og rasjonalisering av høgare utdanning ved:

- styrking av særskilde utdannings-tilbod, m.o.t. utdanningsplassar.
- nedskjæringar og omfordelingar av løyvingar til institusjonane
- omstrukturering av utdanninga
- utviklinga på arbeidsmarknaden.

Motseiingane i staten sin utdanningspolitikk.

I Noreg i dag er motseiinga mellom borgarskap og proletariat den viktigaste motseiinga. Dette gjennomsyrrer og utdanningspolitikken. I tillegg er det innafor staten sin utdanningspolitikk fleire spesifikke motseiingar:

1. Motseiinga mellom ideologi og vitskap.

Det kapitalistiske systemet har behov for å produsere og spreie borgarleg ideologi som legitimerer samfunnet sitt politiske grunnlag.

Dette står i motsetning til å utvikle ny vitskap som på den eine sida er ein førutsetnad for samfunnsutviklinga og på den andre sida kan vera eit direkte trugsmål mot systemet.

2. Motseiinga mellom økonomi og utdanning.

Kapitalen treng høgt utdanna arbeidskraft. Utdanningssektoren må finansierast av kapitalen sin profitt gjennom den offentlege sektoren g er på kort sikt ei uprofitabel investering. Det oppstår difor ei motseiing mellom ka-

pitalen sitt behov for utdanna arbeidskraft og at denne utdanninga skal vera billigast mogleg.

3. Den tredje motseiinga finst mellom samfunnet si utvikling og utdanninga.

Det har synt seg vanskeleg å legge planar for høgare utdanning. Dette skuldast dels at utdanninga er knytt til den økonomiske utviklinga som ikkje let seg styre av ein plan under kapitalismen.

Dels skuldast det at den teknologiske utviklinga i dag skjer så fort at kunnskap og produksjonsmetodar raskt vert forelda.

4. Motseiinga mellom ein kunnskapsrik og ein kunnskapslaus arbeidarklasse.

På den eine sida gjer det høge teknologiske nivået i industrien det naudsynt at arbeidarklassen er høgt skolert for å kunne utnytte dei maskiner og den teknologien som finst.

På den andre sida har borgarskapet behov for å halde arbeidarklassen så kunnskapslaus som mogleg for å halde han stabil og kua.

Framtidsutsikter for høgare utdanning og forskning

I tida som kjem vil den økonomiske utviklinga føre til store endringar for forskning og høgare utdanning. I det nye arbeidsprogrammet til DNA, «Ny vekst for Norge», går dei inn for å omstrukturere forskinga slik at ho skal tene som eit sentralt middel for å bringe norsk økonomi gjennom store omstillingar. Likeeins har Høgre i si utgreiing om høgare utdanning slått fast at det heilt overordna motivet skal vere å tilpasse utdanninga til marknadsbehov slik at ho blir ein pådrivar for å få omstilt økonomien.

Dei to viktigaste følgene av at utdanning og forskning i større grad skal kontrollerast etter økonomiske prioriteringar, vil bli:

- Auka privatisering
- Senka fagleg og vitenskapleg nivå.

Den auka privatiseringa kjem klarast til syne når det gjeld utdanningsfinansieringa, opprettinga av fleire private skolar og forskinga. Når det gjeld utdanningsfinansiering er utviklinga slik at Statens Lånekasse dekker ein stadig mindre del av totalforbruket til studentane.

Studentane blir derfor tvunga til å finne individuelle løysingar for å skaffe pengar, t.d. gjennom deltidssarbeid. Den direkte stønaden studentane får gjennom stipenda blir stadig mindre. Stipenda blir også i større grad brukt til å styre yrkesval i retning fag som utdannar til profitable bransjar, t.d. olje og datafag. Dersom denne utviklinga held fram vil vi i realiteten få ei storstilt nedbygging av den statlege finansieringsordninga til fordel for private ordningar.

Eit anna utviklingstrekk som vil ramme studentane på sikt er opprettinga og utviklinga av det private skolesystemet. Særleg innafør data og økonomiske fag kan vi vente oss auka satsing på private skolar. Situasjonen på arbeidsmarknaden og mangel på offentlege studieplasar tvingar studentane inn på private skolar, der kostnadene for den enkelte blir svært høge pga. skolepengar.

Denne utviklinga vil og føre til at marknadstilhøve i aukande grad vil styre val og studiar og dei emna studentane orienterer seg mot. Dei sosiale skilja innafør høgare utdanning vil bli større.

Privatiseringa vil også råke forskinga og utdanningsstrukturen. Det blir satsa realtivt lite på forskning, utdanning og kunnskapsutvikling i Norge i dag. Grunnforskinga utgjer ein stadig mindre del av den totale universitetsforskinga. Dette gjeld både HF-fag, samfunnsfag og dei teknologiske faga. Sidan det blir lagt så stor vekt på at utdanning og forskning skal tene kortsiktige økonomiske mål, er det lite truleg at staten vil satse særleg på å styrke grunnforskinga. Dei store midla vil derfor framleis bli kanalisert gjennom øyremerka anvendte prosjekt. Slike oppdragsinntekter til anvendt forskning fra statlege og private kjelder utgjer no hovudkjelda for norsk forskning. Kampen om desse midlane vil bli ei sterk drivkraft i ei omfattande omlegging av den høgare utdanninga.

Det blir oppretta ei rad private forskingsinstitutt, delvis ved at dei halvstatlege institutta under NTNF (Norges Teknisk-Naturvitenskaplige

Forskringsråd) blir gjort private, og delvis ved at det blir bygd opp nye institutt utanfor universiteta.

Desse vil få eit stadig større ansvar for undervisninga slik at mange studentar vil ta hovudfag i oppdragsretta miljø, framfor i grunnforskringsretta universitet-smiljø.

For å konkurrere om dei store oppdragsinntektene, vil universiteta og høgskolane bygge opp forskinga etter SINTEF-modellen. Følgende av denne utviklinga vil bli ei oppsmuldring av fagmiljøa som driv grunnforskning, perspektivet blir retta inn mot anvendt forsking og HF-faga blir nedbygde til fordel for teknologiske og økonomisk-administrative fag. Grunnforskninga vil bli underminert. Det vil seie at utviklinga av ny kunnskap, som også er basis for anvendt forsking, blir redusert. På same viset vil dette råke kritisk forsking og fagkritisk verksemd. Dette vil føre med seg eit fagleg forfall innafor all forsking og utdanning. Slik står kort-siktige profittomsyn i vegen for ut-

vikling av kunnskap og innsikt. Dei omfattande endringane i forsking og økonomi vil vere ei brekkstang for store endringar i studiestrukturen.

Skiljet mellom forskinga og utdanninga vil auke og undervisninga vil såleis bli dårlegare. Dei faglege miljøa blir oppsplitta og saksorienterte, og dette vil presse fram omleggingar av studia i meir skoleprega retning. Det vil i større grad blir oppretta spesialstudium sette saman av små kursprega bolkar, der teori og perspektiv bli sett til sides.

I åra som kjem vil det stå hard kamp om utdanninga. Denne kampen vil dreie seg om utdanninga skal vere ei samfunnsoppgåve. Innhaldet i dette er: Kva for utdanning og forsking vil det bli drive? Kva for vilkår vil det vere for kunnskap, innsikt og samfunnskritikk. Denne kampen vil rette seg om leiinga i staten og dei sterke økonomiske kreftene som driv fram ein kortsynt, kunnskapslaus utdanningspolitikk.

STUDENTKAMPEN

Kampen mot nedskjæringane.

80-åra er kjenneteikna ved kraftige nedskjæringar i offentleg sektor. Dette rammar og høgare utdanning. Først og fremst ved at studenttalet aukar mykje raskare enn løyvingane, men og ved at det er stor skilnad mellom dei ulike institusjonane, liten auke på somme og kraftige reduksjonar på andre. Kvar einaste budsjetthandsaming ved dei høgare lærestadene ber preg av at institusjonane vert pressa til å tilpasse seg stadig snevrare rammer.

Årsaka er dels eit politisk mål om å redusere veksten i offentleg sektor og dels eit mål om å auke profitten. Utdanning som anna «uproduktiv» verksemd vert finansiert av profitten i samfunnet. Jaget etter høgast mogleg profitt vil resultere i alle freistnader på å redusere kostnadene til utdanningssektoren.

Nedskjæringane i samfunnet har styrka grobotnen for «omfordelingstankegang». Denne botnar i reformistisk ideologi:

- «Alle problem kan løysast innafor systemet», «det er viktig at alle samarbeider på tvers av klassar for å reformere samfunnet i ønska retning».

Denne politikken undervurderer dei motseiingane som faktisk finst under kapitalismen og gjer ingen vitenskaplege analysar av dei faktiske motseiingane.

Denne politikken er grunnlaget for at folk godtek forverringar i livstil-høva sine i håp om ei betring i framtida.

I studentkampen kjem dette til uttrykk i synet om at studentkampen er tapt og at vi må gjere det beste ut av tilhøva innafor dagens rammer.

Å rette krav om omfordelingar gir følgjande utslag:

1. Det splittar studentane og fagmiljøa i deira krav mot staten og gjer at dei slåst mot kvarandre om allereie for knappe midlar, i staden for å reise sams krav om auka løyvingar.

2. Krav om omfordelingar fører til at staten og borgarskapet går fri, og at det vert lettare å gjennomføre ytterlegare nedskjæringar.

3. Kravet som omfordelingar tilslører staten si rolle om borgarskapet sitt undertrykkingsapparat og utbytтар.

NKS vil arbeide for klassealliansar i kampen mot borgarskapet og staten. Vi vil difor kjempe mot einkvar freistnad på å splitte ein slik allianse. Krav om omfordeling vil nettopp føre til slik splitting og dermed lette staten sitt åtak.

Omfordelingane innanfor studiefinansiering

Kravet om inntektsavhengig tilbakebetaling er komme frå pampane i studentbyråkratiet. Innhaldet i dette kravet er at dei som tener mest etter endt utdanning skal få hardare tilbakebetalingsvilkår enn dei som tener minst.

NKS er sjølvsgagt for at dei med dårlegast råd skal få lettare tilbake-

betaling, vi har alltid gått inn for generell betring av tilbakebetalingsvilkåra. Det spørsmålet som vi er åleine om å stilla i dag er kven som skal ha ansvaret for og finansiera ei lemping i tilbakebetalingsvilkåra. Vi meiner det er staten sitt ansvar og at rammene difor må aukast. Studentbyråkratiet har med kravet om «inntektsavhengig tilbakebetaling» slått inn på staten si linje om at finansiering av utdanninga får studentane greie opp i sjølve.

Kravet om «inntektsavhengig tilbakebetaling» er feil å stilla også fordi:

- 1) det gir inntrykk av at vi godtek rammene, og ser fordelinga av tilbakebetalinga som det største problemet. Den foreslåtte tilbakebetalinga vil først og fremst verta ei hjelp for Lånekassen til å drive inn utlånte midlar.
- 2) Det virkar splittande på studentane, set grupper av studentar opp mot kvarandre i staden for å samle studentane mot staten.
- 3) Det byggjer på ein illusjon om staten. Ein ser på staten som eit nøytralt organ som vil laga betre ordningar for studentane. Synet vårt er at staten er borgarskapet

sin stat og at dei primære måla i denne samanheng er å kutte ned så mykje som råd på løyvingane utan at det kjem i konflikt med borgarskapet sitt behov for høgt utdanna arbeidskraft.

For å støtta opp om kravet om at problema skal løysast internt blant studentar/ferdigutdanna går studentbyråkratiet i spenn med staten om å hevda at det lønner seg å ha stor gjeld, og særleg at det lønner seg å betala renter (spesielt når ein har høg lønn). Denne myten er farleg og gir inntrykk av at situasjonen for tilbakebetalarar er langt betre enn han er.

Eit anna omfordelingskrav som har sitt opphav i dei same studentkretsar var kravet om prosentstipendmodell i staden for ordninga med særstipendiering som t.eks. borteboarstipend. Modellen går ut på at dei med størst «behov» skulle få mest i stipend. Denne modellen er nå innført frå skoleåret 85/86 med det resultatet at ein som fekk borteboarstipend tidlegare får redusert stipendet med 35%. Dette er eit godt døme på resultat av omfordelingskrav.

Omfordelingar ved utdanningsinstitusjonane.

Oppretting av nye fagområde ved institusjonane skjer i hovudsak ved omfordeling av midlar fra ikkje-prioriterte til prioriterte fagområde. Omfordelinga skjer både innafor institusjonane og mellom institusjonane. Dette fører til splitting mellom dei ulike fagmiljøa. I staden burde studentar og tilsette gått saman og aksjonert for auka løyvingar. Dette

skjer ikkje. Men omfordelingar er heller inga løysing. Midlane er altfor knappe. NKS vil kjempe mot at utdanningsinstitusjonane skal freista løysa sine problem ved å omfordele midlane.

NKS går mot liner i studentkampen som går ut på å krevja omfordeling innafor rammene. Vi går mot alle freistnader på å framstilla det

som om studentane tener på «interne» løysingar. Vi går ikkje imot oppretting av nye studieretningar og fag, men vi vil konsekvent halde fram staten sitt ansvar for å finansiera all utdanning. Nye studieretningar og fag må finansierast ved auka løyvingar.

Lukking

Eit av resultatane av Statens nedprioritering på utdanningssektoren er at det er innført lukking ved fleire fag. Konsekvensen av slike tiltak er ein endå skeivare rekruttering til høgare utdanning med tanke på kjønn, sosial eller geografisk bakgrunn. NKS går imot ei kvar form for lukking ved universiteta som løysing på problem

med manglande ressursar. For å halda oppe eit forsvarleg fagleg nivå på fag med stor studenttilstrøyming må det tilførast betydeleg meir ressursar.

Rasering av studieplassar

Ved einiskilde fag og høgskolar vert studieplassar lagde ned. Dette gjeld særleg ved fag og høgskolar som utdannar folk til yrker i «uprofittable» sektorar.

Dei pedagogiske høgskolane og dei humane- og allmenn-faglege studieretningane på DH-skolane er hardast ramma. Dette er eit resultat av at utdanninga vert tilpassa marknadsbehovet.

Kampen for ei betre studiefinansiering.

Dagens studiefinansieringsordning skriv seg attende til 1947 med opprettinga av Statens Lånekasse. For å ivareta samfunnet sitt auka behov for høgt utdanna arbeidskraft var det naudsynt med statlege tiltak for å få nye grupper inn i utdanningssystemet. I perioden fram til 1972 vart systemet utvida til å omfatte stadig fleire.

Frå 1977 har utviklinga derimot vore prega av nedbygging. Utviklingstendensen fram til i dag kan kort skildrast ved:

- synkande realverdi på lånet
- redusert stipendandel
- kortare tilbakebetalingstid
- høgare rente

Månadssatsen (lån + stipend = kr. 3200/mnd. i 1984) skulle frå 1975 regulerast i takt med lønsutviklinga for ei gjennomsnittsindustriarbeidarinntekt.

For det første var summen for låg i utgangspunktet.

For det andre har justeringa vore ufullstendig og hausten.84 vart den foreslått fjerna heilt.

Stipendandelen utgjer ein synkande del av månadssatsen. Lånekassa si målsetting på 40% har aldri vore aktuell politikk. Tvertom har stipendandelen sunke frå 27% i 1972 til 19% i 1984. Ein synkande stipendandel utgjer eit trugsmål mot at ungdom frå lågare sosiale

lag skal få ta ei langvarig utdanning.

Det som opphavleg gjorde studielånet til eit gunstig lånetilbod var låg rente og lang tilbakebetalingstid. Begge desse faktorane har utvikla seg negativt for studentane. Tilbakebetalingstida er redusert frå 28 til 20 år, for somme lån heilt ned til 15 år. Renta har stige jamnt og trutt heile tida og nærmar seg no markedsnivå.

Med statsbudsjettet for 1983 fekk ein til overmål ein situasjon med positiv realrente. Det vil seie at renta er større enn prisstigninga.

Heile Lånekassa er i dag i ferd med å verta undergravd som institusjon. Dette peikar mot ei utvikling av «danske tilstandar» der alle studielån vert lånt ut frå private bankar på vanlege marknadsvilkår, høg rente og løpande rente i studietida.

I dag ser vi at studentane i stadenfor å reise ein kollektiv kamp mot den økonomiske forverringa freistar å løyse problema individuelt ved auka deltidsarbeid.

Styresmaktene freistar å legitimere dette ved å spreie ein ideologi, om at dette er med på å gje ei betre utdanning ved at studentane knyttar saman teori og praksis.

Deltidsarbeid verkar tvertom negativt ved at:

- det reduserer det faglege utbyttet
- studia vert forlenga og vert dermed dyrare
- omlag ingen studentar har arbeid i samanheng med studia
- deltidsarbeidande studentar verkar som reservearbeidskraft, er sjeldan organisert og er ofte med på å tilsøre uheldbare arbeidstilhøve.

I 1984 vart stortingsmeldinga om studiefinansiering vedteke.

(St.m.12). Denne meldinga er skredarsydd for nedskjæringar. Utgangspunktet er at omlegginga av stønadssystemet skal skje innafør gjeldanden økonomiske rammer og systemet skal vera enklare å endre (les:enklare å skjæra ned).

Det vert foreslått at stønadssystemet vert omlagt til ein prosentstipendmodell. Eit samla lånebehov reknast ut for den enkelte og i staden for dei ulike særstipenda (borteboarstipend o.l.) skal det gis eit generelt «utdanningsstipend» som vert rekna ut i prosent av samla lånebehov. Dette gjer at stipendet ikkje vert knytta til konkrete krav om «boutgifter», noko som vil gjera det vanskelegare å reise kampen for å forsvara det.

For det andre vil reguleringa av prosentsatsen verta knytt til dei årlege budsjetthandsamingane. Dette gjer at stønadssystemet vert gjort til salderingspost på statsbudsjettet.

Andre forslag i meldinga var:

- nedkorting av tilbakebetalingstida
- innføring av rentesrente
- oppheving av indeksreguleringa av månadssatsen

Til saman har dette gjort at stortingsmelding 12 har vorte ei forsterking av tendensen til at investering i høgare utdanning ikkje vert eit ansvar for samfunnet, men vert skuva over på den enkelte student.

NKS sine krav til studiefinansieringa: NKS går i prinsippet inn for 100% stipendandel eller såkalla studielønn, og vi går inn for ein kraftig auke i månadssatsane.

Dette bør vera dei langsiktige måla i studentane sin kamp for studiefinansieringa.

Men i dagskampen må vi ofte stille meir kortsiktige parolar som gir mindre framsteg, eller berre hindrar tilbakesteg.

NKS sine krav i dag er:

1. Kraftig oppjustering av månads-satsane i Lånekassa. Desse må vera så store at det er mogleg å leva av dei. Månadssatsane må verte indeksregulerte slik at dei held følgje med kostnadsutviklinga.

2. Stipenda må aukast.

Stipenda er den tryggaste forma for studiefinansiering då dei ikkje er bundne til utrygge tilbakebetalingsvilkår.

3. NKS går inn for lågare rente og lenger tilbakebetalingstid på studielån.
4. NKS går inn for at staten ettergir avdraga til arbeidslause akademikarar og til kvinner med svangerskapspermisjon.

Velferd og sosial tryggleik.

Velferd for alle studentar.

«Velferdstilbodet» til studentar er i dag organisert i samskipnader, stiftelsar og velferdssekretariat. Denne organiseringa starta opp med stiftinga av Studentsamskipnaden i Oslo i 1939.

Tidlegare hadde denne organisasjonen ei rolle som påpressar på staten for at den skulle ta på seg ansvaret for studentane sin velferd. I dag er boligstiftelsar og samskipnader utvikla til reine kapitalistiske føretak. Desse er underlagt pris- og avgiftssvingingar i den kapitalistiske økonomien og staten stiller krav om at desse skal gå i balanse eller med overskot, samstundes som staten skjer ned på tilskotta.

Studentar er i ein spesiell situasjon under studiet. Dei har eit hardt arbeidspress og dårleg økonomi. Dette gjer at mange opplever ein sosial isolasjon, at boligstandarden er dårleg. Mange inntek dei fleste måltida sine på lærestaden.

Eit dårleg velferdstilbod går mest utover studentar som studerer borte frå heimen og studentar frå lågare sosiale lag. Difor vil eit betre velferdstilbod vera med å gjera at fleire frå arbeidarklassa tek høgare utdanning.

Barnehageplass for alle studentbarn er eit heilt naudsynt krav for å gjera det mogleg for kvinner å få ei utdanning.

I dei seinare åra har vi fått eit stadig dyrare tilbod frå «velferdsorganisasjonane». Husleigene på studentbyane har gått i veret samstundes som staten nesten har slutta å finansiere nye studenthybler der nye lærestadar dukkar opp. I dei fleste kommunane reknast studielån og stipend som inntekt når ein reknar ut eigenandelen ved barnehageplassane. Det er ikkje uvanleg at studentar betaler rundt ein fjerdepart av samla lån og stipend i barnehageavgift.

NKS står alle kampar med krav

om eit betre velferdstilbod for studentar.

NKS går inn for:

- at husleiga på studentbyane skal vera særskilt låg
- full statleg finansiering av studentboligar
- at det vert bygd studentbyar utakt med etterspurnaden
- at kantineprisane vert kraftig reduserte.
- gratis helseteneste for alle studentar
- gratis barnehageplass for alle studentbarn
- at lærebøker vert selt utan avanse
- at staten løyver midlar til kulturelle og sosiale føremål for studentar
- at semesteravgifta vert fjerna

Sosial tryggleik.

Studentar fell i praksis utanfor lov om sosialomsorg.

Som student vert ein ofte avvist på sosialkontoret. Studentar har lite

eller inga inntekt og fell dermed utanfor ordninga med arbeidsløysestønad.

Hvis studentar vert sjuke må dei leva på studielånet. Dette kjem i tillegg til at dei ikkje klarar å halde tritt med Lånekassa sine normer for studieprogresjon. Ved endt utdanning vil dei ikkje få arbeidsløysestønad dersom dei må gå utan arbeid.

NKS går inn for:

- at studentar får sjukeløn på storleik med månadssatsen for lån og stipend i Lånekassa i den perioden dei er sjuke
- at studentar som går utan arbeid om sommaren får arbeidsløysestønad
- ein spesiell arbeidsløyseordning for nyutdanna akademikarar
- svangerskapspermisjon med løn som svarar til det ein får i lån og stipend for dei som får barn under studiet.

Den faglege kampen.

Viteskapleg arbeid og fagkritikk.

Å drive viteskapleg arbeid og fagkritikk er ei sentral oppgåve for eit kommunistisk studenforbund.

Viteskapleg arbeid og fagkritikk er viktig i eit strategisk perspektiv. For å kunne styrte borgarskapet, byggje sosialismen og skapa eit kommunistisk samfunn må det arbeidande folket kjenne lovene som styrer utviklinga av samfunnet og naturen. Det er ei plikt for kommunistiske intellektuelle å vera med på å skaffe fram slik kunnskap. Utan slik kunn-

skap vil vi handle blindt og ikkje verte i stand til å nå det strategiske målet vårt.

Viteskapleg arbeid og fagkritikk er viktig i den daglege klassekampen. Borgarskapet sin ideologi har som siktemål å tilsløre konsekvensane av den kapitalistiske rovdrifta på menneske og miljø og skjule klasseundertrykkinga i samfunnet. Kommunistiske intellektuelle har ei viktig oppgåve i å avsløre den borgarlege ideologien og skaffe fram kunnskap og røynsler som arbeidarklassen kan dra nytte av.

Kommunistisk teori er i hovudsak utarbeida under andre samfunnstilhøve enn dei vi lever under.

Det blir difor viktig å skaffe kunnskap om og analyse av det norske samfunnet for å utvikle vidare den kommunistiske teorien og avpasse den til norske tilhøve.

Vitskap og forskning er med på å utvikle produktivkreftene og endre levkåra for folk. Det er viktig å stille krav til forskning og vitskapleg arbeid slik at dei i størst mogleg grad skal tene interessene til folk og ikkje verta styrte av reine profittinteresser.

Under kapitalismen har teoriar både eit element av faktisk kunnskap og eit element av borgarleg ideologi. Den borgarlege ideologien er skapt for å legitimere klassesamfunnet. Dette er falsk «vitskap» og det må vera kommunistar si oppgåve å aktivt kjempe mot slik ideologi.

Men det er og viktig å ta vare på den faktiske kunnskapen som det kapitalistiske samfunnet har fått fram, og dra nytte av den.

Vitskapleg arbeid og fagkritikk må rette seg mot innhaldet i undervisninga, pensum osv., og mot rammene for undervisninga som må gjere fagkritisk aktivitet mogleg. Fagkritikk kan drivast i den ordinære undervisninga, ved eigne møteserier eller alternativ undervisning, ved fagleg arbeid knytta til politiske kampsaker i samfunnet eller ved eigne forskingsprosjekt.

Eksamen og karakterar.

NKS er ikkje mot at kunnskap vert målt og den faglege framgangen til studentane vurdert. Vurdering er ein naudsynleg del av læreprosessen.

Men eksamens- og karaktersystemet i dag er lite teneleg for dette føremålet og har mange undertrykkjande sider:

- det disiplinere studentane til ein-sidig interesse for det «eksamensrelevante» i staden for til sjølvstendig og kritisk tenking
- det opnar for meningssensur mot studentar
- det splittar studentar i kamp om tiandedelar og prestisje og fremjar individuelle arbeidsmåter
- dei graderte skalaene gir eit skin av objektiv og «rettvis» vurdering

Det er viktig å slåss for endringar i eksamens- og karaktersystemet som reduserer desse negative faktorane. Vi må slåss for fagleg rettleiing og verkeleg vurdering i studietida.

Det betyr at vi må krevja:

- størst mogleg valgfridom for studentane i valg av eksamensform.
- innføring av bestått/ikkje bestått som einaste eksamenskarakter, men utan at strykprosenten aukar. Det er spesielt viktig at ingen praksiskarakterar skal vera graderte
- rett til heimeeksamen, gruppeeksamen
- rettstryggleiken for eksamenskandidatane må styrkast med klare frister for avgjerse av ankesaker
- heime-/gruppe-eksamenskandidatar må sikrast same rettstryggleik som kandidatatar med tradisjonell eksamen.

I dag er kampen for nye eksamens- og vurderingsformer inne i ein defensiv fase. Mange eksisterande ordningar med heimeeksamen og bestått/ikkje bestått vert fortlaufande avvikla. Denne prosessen

vert grunngeven med ulike omsyn, både økonomiske og faglege.

Vi ser ei naturleg tilpassing mellom Ottosen-komiteen sitt framlegg om sams eksamensordning for alle høgare lærestadar som skulle vera mest mogleg rasjonell, og Høgre-regjeringa sitt krav om meir tradisjonelle eksamensordningar. Dette syner at kampen for å forsvara heimeeksamen og bestått/ikkje bestått der dette finst må gis høg prioritet.

Kampen for nye eksamens- og vurderingsformer er samstundes ein kamp for kunnskapstileigning på eigne premissar. NKS vil gå mot å setta forskning og undervisning opp mot kvarandre. Dette vil kunne

splitte einskapen mellom studentar og tilsette, noko som er unødvendig da både undervisning og forskning er gjensidig avhengig av kvarandre.

Massemobilisering av studentane er avgjerande for at denne kampen skal føre fram. Arbeidet i universitetsorgana er underordna i høve til denne massemobiliseringa.

NKS vil avgrense seg mot ulike liner for å føre kampen på avveger. Ei slik line er kampen «for sosial profil» på nedskjæringane og liner som ser interne omdisponeringar på budsjettet som eit middel for å fremja progressive eksamen- og undervisningsformer.

STUDENTORGANISERING

Studentane sin klassemessige stilling.

Studentane høyrer til dei intellektuelle.

Dei er ingen eigen klasse, men eit lag som har vorte til i historia av skiljet mellom ånds- og kroppsarbeid.

Tidlegare var det berre mogleg for den herskande klassen å drive åndsarbeid. Først i den seinare tida fekk borgarskapet bruk for fleire intellektuelle enn dei kunne rekruttere sjølve, slik at dei intellektuelle no kjem frå andre klassar og.

Dei intellektuelle høyrer til småborgarskapet eller borgarskapet, alt etter karakteren av arbeidet deira. Studentane står i ein slags overgangssosisjon der familien sin klas-

setilhøyrigheit enno har noko å seie.

Men ein arbeidarungdom forlet klassen sin når han byrjer å studere. Vi kan seie at studentane sin klasse-tilhøyrigheit vert avgjort av den klassen dei kjem frå, dei materielle vilkåra dei lever under i studietida og framtidig yrke, der det siste får mest å seie. Det store fleirtalet av studentar vil gå ut i yrke som plasserer dei i småborgarskapet. Desse vil ha objektive interesser av sosialismen og kan verte arbeidarklassen sin allierte.

Eit mindretal vil få høge stillingar i stat og næringsliv og vil verte ein del av borgarskapet.

I det kapitalistiske Noreg blir studentane undertrykt. Denne undertrykkinga har ulike uttrykk. Grunn-

laget ligg i at studentane sine økonomiske og sosiale interesser, deira faglege interesser og kunnskapsbehov står i motstrid til staten og kapitalen sine behov for rasjonell, profittretta utdanning og forskning: - Staten sin sparepolitikk gjer studentane til gjeldsslavar gjennom Lånekassa, og undergrev fagleg fordjupning og kritiske studier.

- Eksamenssystemet fremmer mekanisk innlæring og skaper sosiale og psykiske problem.
- Omstruktureringa av høgare utdanning gjer faglege val umoglege, og står i motstrid til studentane sine interesser av å tileigne seg kunnskap.
- Det borgarlege ideologiske hegemoniet i forskning og utdanning avgrensar vitskapleg fridom og undertrykker kritisk tenking.
- Staten har gjennom lover og reglement avgrensa studentorgan sin fridom.

Hovudmotseiinga i studentkampen går difor mellom studentane på den eine sida og staten på den andre, og viser korleis studentane vil betre sin stilling ved å erstatte kapitalismen med sosialisme.

Studentane må organisere seg i kampen mot staten.

Studentane vert utsett for stendig hardare åtak frå staten. Deira økonomi vert forverra, nedskjæringane ved utdanningsinstitusjonane fører med seg dårlegare undervisningstilhøve, deira demokratiske rettar vert angripe og eksamensreformene fører til meir eksamensretta pugg framfor utvikling av kunnskap uavhengig av pensum.

Studentane sine organisasjonar

har gjennom fleire år pekt på dette ovafor styresmaktene uten at dette har vorte teke omsyn til. Staten er ein del av det kapitalistiske samfunnet og er borgarskapet sitt undertrykkingsapparat. Staten vil berre innfri krav dersom han vert pressa til det, eller sjølv har interesse av at krava blir innfridde. Studentane sin kamp mot staten har ein defensiv karakter. Med det meiner vi at sigarane berre kan vera delvise eller mellombels. Det viktigaste hindret for studentane i dag er manglande organisering. Berre organisert aksjon frå studentane si side kan gje framsteg.

Det er vanskeleg å organisere studentar. Dei er gjerne individualistiske, har lita organisatorisk røynsle, er lett påverkelege og følger lett politiske straumar. Trass alle problema er det heilt naudsynt å byggje opp ei organisering blant studentane.

Studentkampen og organiseringa i dag.

Det finst inga organisert studenttrørsle i dag. Det vert reist somme lokale kampar på studentbyar, på faga eller på skolene. Men det finst inga kraft som samlar heile studentrørsla. Dei årlege aksjonane mot budsjetthandsamingane har berre vore politiske markeringar som i større grad har hatt til oppgåve å legitimere studentpampane sitt tilvære framfor å reise en verkeleg kamp for studentane sine krav.

Likevel vil alle dei kampane som vert reist vere av aller største betydning: Krava er rettvisse, studentane får kamprøynsle og det fremjar deira medvit om deira rolle i samfunnet og kan vera første steget mot organisert studentkamp. Men det er vik-

tig at studentane oppsummerer kampane, utvikler nye liner, hvis ikkje vil nederlag føre til demoralisering og oppløysing.

Studentane vert i dag organisert innafør tre ulike strukturer:

- innafør universitets- og høgskolestrukturen
- gjennom samskipnader/stiftelser
- gjennom interesseorganisasjonane

Organisering innafør samskipnadene

Samskipnadene er velferdsorganisasjonar for studentane oppretta av staten. I røynda driv dei ikkje velferd, men sel tenester til studentar. Dei er kapitalistiske foretak som har visse føremoner ved at dei har statsstønad og delvis gratis lokale til disposisjon. På dette viset står dei i ein monopolsituasjon utan konkurranse frå andre foretak. Dette gjeld t.eks. kantinedrift. For å legitimere foretaka som velferdsorganisasjonar, har staten sett studentane delvis ansvarlege for styringa av foretaka.

På same tid som studentane kan sitte i fleirtal i eit hovudstyre, som «er høgaste organet», har staten sin representant ankerett. Difor er studentane sitt fleirtall ikkje reellt.

Av reine studentorgan innafør samskipnadene finn vi studenttinga og leiaboarutvala ved studentbyane. Studenttinget verkar i dag som eit styringsorgan og arbeidar innafør rammene for foretaka. Dette gjer at studenttinga vert leia av eit oppkjøpt studentaristokrati. Fleire døme syner og at studenttinga motarbeidar kampar som vert reist av studentane på studentbyane. Utsegn som at «studentane må godta

at husleiene aukar i tråd med kjøpekrafta. Det er difor ikkje rett å reise krav om at husleia må ned» syner tydeleg at studentane ikkje er tente med denne organiseringa. Leiaboarutvala som er direkte valt på allmøta og må stå til rette for sine veljarar til einkvar tid har synt at dei kan spele ei viktig rolle i organiseringa av husleieaksjonar. Men det finst og døme på at desse kan bli oppkjøpt.

Det er likevel store skilnader på studentorgan som må stå til rette ovafor dei som har valt dei framfor organ der representantane er valt ved uravrøysting der eit allmøte ikkje an binde representantane sine.

Studentorgana ved Universiteta

Studentorgana ved universiteta er ein del av sjølve universitetsstrukturen. Dette gjeld enten dei er reglementsfasta frå departementet, eller dei har ei friare organisering som studentane sjølve har innverknad på. Men svært mykje er likevel ulikt frå stad til stad.

I Oslo er organa reglementsfasta, og departementet gir klare reglar for korleis val til fagutval, studentutval og studentråd skal skje. Reglementet seier mellom anna at dersom *ein* frammøtt ynskjer det har han rett til å få underkjent allmøtet som høgaste organ i valsaker, og valet går automatisk til uravstemming. Reglementet for studentorgana på Universitetet i Bergen er fastsett av departementet. Her er det fastsett at det skal veljast studentutval og korleis det skal vera samansett. Det øvste organet, «Fellesutvalet», er og reglementsfasta. Derimot kan studentane i Bergen sjølv avgjera valmåten. Allmøtet kan og kasta repre-

sentantar.

Ved Universitetet i Tromsø er det ikkje noko reglement for studentorganana anna enn det studentane sjølve vedtek. Hovudallmøtet, der alle har stemmerett er absolutt høgaste organ. *Studentrådet* leier arbeidet mellom allmøta, medan *studentutvalet* fungerer som arbeidsutval og har den daglege leiinga. Begge desse organa er direkte valde av hovudallmøtet.

Ved Universitetet i Trondheim (inkl. Norges Tekniske Høgsk. og Norges Lærerhøgskole) har kvar lærestad sitt eige studentutval. Det er fastsett at desse organa skal finast, men studentane avgjer sjølve reglementet.

Parallellt med dei reine studentorganana, er studentane representerte i dei formelle styringsorganana ved universiteta som instituttråd, fakultetsråd, kollegiet osv. Studentane sit sjølvstilt i mindretal overalt.

Det er opplagt ei motseiing mellom fordelane studentane kan ha av å vera representerte i universitetsorganana, og dei ulempene slike «ansvarlege» posisjonar kan føra med seg. Sett frå Staten si side har desse organa som viktigaste funksjon å legitimere upopulære vedtak som organa vert pålagde av Staten å gjere. Det finst ei rad døme på at studentkrav i dag vert kanaliserte inn i universitetsorganana *i staden for* å gi grunnlag for mobilisering til studentkamp. Det vert vanskelegare å reisa kamp, og utan den er det stor fare for at studentrepresentantane let seg styre av formelle spelereglar og vert ansvarlege overfor systemet.

Statleg oppretta organ med studentrepresentasjon

NKS har som ei langsiktig målsetting å legge ned statleg oppretta organ. Innafor desse organa har studentane som oftast svært liten innverknad over viktige saker, uavhengig av om studentane har stor eller liten representasjon. Staten og utdanningsinstitusjonane framstiller desse organa som «demokratiske». I røynda er dei ein parodi på verkeleg demokrati og lammar mobiliseringa av studentane. Essutan er desse organa med på å pulverisere det politiske ansvaret ved at studentane blir gjort til medansvarlege for studentfiendtelege tiltak.

NKS meiner det er ein viktig kamp å avsløre desse organa for det dei er; nemleg ein reiskap staten bruker for å lamme studentkampen og sikre gjennomføringa av utdanningspolitikken.

Sjølv om ein kan oppnå små konkrete betringar for studentane gjennom arbeidet i statsopnemnte organ, er det berre gjennom aksjonar og vilje til å slåss for krava våre vi kan oppnå nemnande betringar.

Korvidt representasjon i dei institusjonelle organa er rett og viktig for studentkampen må konkret vurderast frå situasjon til situasjon. Ei sterk studentrørsle kan tene på slik representasjon i mange kampsaker. Er studentrørsla svak, vil slik representasjon i hovudsak vere med på å legitimere maktstrukturane og fungere disiplinerande. I ein del situasjonar kan det og vere rett med offensive boikottkampanjar.

NKS si hovudline er at studentane før eller seinare må ha eigne organ

på alle nivå som dei sjølve har full kontroll over.

Så lenge styringsstrukturen på universiteta og høgskolane ikkje er tilstrekkelig avslørt til å bygge eigne organ på grunnplanet, vil det vere aktuelt å jobbe innafor dei grunnorgan (fag- og studentutval) som finst innafor institusjonane.

NKS vil alltid føre kamp mot at representantane i slike organ lessar seg ned i administrativt arbeid i samband med styringa av skolen/læreinstitusjonen. NKS vil kjempe for at dei skal representere studentane sine kampkrav.

Det regionale høgskolesystemet

omfattar alle statlege høgskolar. Kvar skule har ein intern styringsstruktur, bygd opp av ein del råd og utval, høgskoleråd som øverste interne organ. Dei interne råda er bygd opp med representantar frå alle brukargruppene på skolen, og det er ulikt korleis fordelinga mellom dei ulike gruppene er. Departementet har imidlertid «diktert» at ingen grupper skal ha fleirtal.

I kvar region sit det eit regionalt høgskolestyre som har overordna ansvar for alle høgskolane i regionen når det gjel drift, budsjett o.l. I høgskolestyret skal det og sitte representantar frå alle brukargruppene samt ein del «samfunnsrepresentantar», og dei siste sit som oftast med solid fleirtal.

I utgangspunktet vart det regionale høgskolestyret oppretta som styre for DH-skolane, men etter kvart som høgskolane har gått til statleg eige, har dei vorte innlemma i systemet.

Styresmaktene har heile tida forespeila at etterkvart som RH-systemet tok til å fungere ville det innebere et styrking av demokratiet på høgskolane, og større grad av sjølstyre for den enkelte.

RH-systemet fungerer som departementet og staten sin forlenga arm i distrikta. RH-styret skal først og fremst sjå til at departementet sine rammer vert fulgt. Innflytelsen til studentane er minimal, sjø om systemet legg opp til at fleire vert ansvarleggjort og får følelsen av å være med å bestemme.

Internt på skolane har det fått omlag same resultat. Sjø om studentane hadde site med reint fleirtal, ville dei ikkje kunne fatte vedtak i strid med administrasjonene og departementet sine vilkår og rammer.

Norsk Studentunion, NSU

Norsk Studentunion (NSU) er interesseorganisasjonen for studentane ved Universiteta og dei tradisjonelle høgskolane, og har i dag ca. 40 000 medlemmar.

NSU er opphavleg oppretta av Studentsamskipnadene, og vert finansiert av løyvingar frå desse. Medlemsskapet er kollektivt, og formellt vert løyvingane til NSU rekna som ein del av semesteravgifta, som alle betaler. Utover det økonomiske er NSU uavhengig av staten og statlege organ, og difor er NSU langt friare enn andre organ til å spele ei viktig rolle i studentkampen. Innafor NSU vedtek studentane sjølve reglement osv.

NSU arbeider først og fremst med økonomiske, sosiale og faglege aker, men tek og opp interna-

sjonar solidaritet og kvinnespørsmål.

Staten har dei seinare åra pålagt universiteta store nedskjæringar. Saman med kravet frå borgarskapet om meir «marknadsorientering» av studiane har dette ført til store omleggingar. Konsekvensane har vorte: Overflytting av stillingar frå «ikkje-proffitable» fag til dei «profitable», endring i studiestruktur til små korte, yrkesretta fageiningar, meir einsretting av eksamensformer.

NSU har i liten grad greidd å mobilisera studentane til kamp mot desse forverringane. Det er i all hovudsak politiske grunnar til dette, men og organisatoriske.

NSU er ein svært toptung organisasjon og mykje av den lokale aktiviteten har vorte organisert utanfor organisasjonen. Politisk har NSU i lang tid vore styrt av Sosialistisk Front, som ikkje har hatt ei line for å mobilisere studentane til kamp, men prioritert opp spørsmålet om korleis «omfordela» nedskjeringane på best måte. Denne lina har og gitt seg sterke utslag i spørsmålet om studiefinansieringa. Denne politikken splittar studentane og tek ikkje mål av seg å hindre nedskjæringar.

NKS går mot alle freistnader på å knyta NSU sterkare til den statlege studentorganiseringa. NKS går inn for å styrka kamplina i NSU og å gjere NSU til ei reell fagforeining for studentane.

Landslaget for norske sykepleierstudenter, LNS

Organisasjonen baserer seg på individuelt medlemskap, organiserer 85-90% av sjukepleiarstudentane og har lokallag ved alle sjukepleiarhøgskolane.

Eit av dei største problema ved sjukepleiarhøgskolane dei siste åra har vore konsekvensane krisa i helsesektoren har fått for denne utdanninga. Sjukepleiarstudentane er omlag 2/3 av utdanningstida i praksis på ulike sjukehus og institusjonar, og bemanningssituasjonen på desse gjer ofte at studentane ikkje får den rettleiinga og oppfølging dei har krav på, men i staden blir gåande som «gratis arbeidskraft» for å dekke over mangel på tilsett personell. Sjukepleiarane på post har undervisningsansvar for sjukepleiarstudentane, men får ikkje lønn for dette, til tross for at dei har mesteparten av ansvaret for praksisundervisninga på grunn av den låge lærardekninga på skolane.

Ei anna «stor sak» på skolane er overgangen frå fylkeskommunal til statleg eige, og omorganiseringa av den interne styringsstrukturen i samband med overgangen til RH-systemet. Studentane har ført, og fører ein aktiv kamp for å oppnå mest mogleg innverknad innanfor styringsstrukturen.

Viktige saker som det må jobbast med i tida framover:

Styrking av praksisdelen av utdanninga, både i høve til vektlegginga frå skolen si side, og i høve til krisa i helsesektoren. Samstundes som ein må jobbe aktivt for å betre situasjonen innanfor dagens ramme, må ein halde fram med å ha fokus på krisa i helsesektoren, og sjå krisa som ei av dei viktigaste årsakene til at praksissituasjonen for sjukepleiarstudentane er så dårleg. Viktig i denne samanheng er og å jobbe for løn til sjukepleiarane for rettleiing av studentar og fleire lærarstillingar til sjukepleiarhøgskolane. Jobbinga for

auka innverknad for studentane er og ei sak som må følgast opp. Til tross for at den nye interne styringsstrukturen er innført ved dei fleste skolane, er det viktig ikkje å gje opp denne saka, men i staden satse kreftene på å utvikle ny politikk for å oppnå auka rettar og meir innverknad for studentane.

LNS er ein studentorganisasjon der det har vore lite uttalte linemarkpar mellom ulike partipolitiske fraksjonar. NKS har dei siste åra hatt ei sterk stilling sentralt i organisasjonen, og politikken vår har fått godt gjennomslag i skolane. Mange av dei sakene ein har jobba mest aktivt med, er det NKSarane som har stått bak og vore førande i.

Sjølv om LNS på lik line med andre studentorganisasjonar slit ein del med å få fleirtalet av studentane til å engasjere seg, har organisasjonen styrka stillinga si ved skolane dei siste åra. Intensiv organisasjonsbygging og organisasjonsskolering av grunnplanet har gitt gode resultat, og ein har sett aukande aktivitet ved dei fleste skolane.

Landslaget for norske lærarstudenter, LNL

Organisasjonen er basert dels på individuelt og dels på kollektivt medlemsskap. Forsøka med kollektivt medlemsskap (medlemsskolar) starta opp i 1983 på bakgrunn av at organisasjonsprosenten hadde sunke sterkt.

Lærarutdanninga i dag er sterkt trua. Nedgangen i barnetalet har skapt ein overkapasitet på lærarar.

I denne stoda har både LNL og lærarorganisasjonane stilt krav om minska elevtal for kvar lærar. Dette

kunne ha vore med på å betre arbeidstilhøva både for lærarar og elevar. Staten har avvist dette kravet og svarar i staden med ein drastisk reduksjon av talet på studentplassar ved dei pedagogiske høgskolane. Andre viktige arbeidsfelt for lærarstudentane er karakterar og eksamensordningar.

Dei få lærarstadane som ennå praktiserer gruppe/heimeeksamen står i fare for å miste desse ordningane.

Vidare har spørsmålet om livs- og undervisninga stått sentralt. Lærarrolla er innretta på å føre vidare det etablerte samfunnet sin ideologi og tilpasse ungane til borgarskapet sine lovar og normer. NKS vil arbeide for at det vert utdanna flest mogleg progressive lærarar, sjølv om dette ikkje kan endre den grunnleggjande karakteren ved skulen. Det er viktig at flest mogleg lærarar kan stille seg på elevane sin side og nytte stillinga si til å gi elevane eit mest mogleg sant bilete av samfunnet og utvikle ungane sitt sjølstende. Dette krev ein sterk fagleg kunnskap hos læraren.

NKS krev at lærarutdanninga må gi mest mogleg sann kunnskap. Vi meiner og at lærarstudentar må slåss mot alle nedskjæringar og andre freistnader på å redusere det faglege tilbodet. Det er naturleg at lærarstudentane stiller seg solidariske med lærarane i deira kamp mot økonomiske og fagleg forverring i skolen.

Skal LNL verte ei leiande kraft i denne kampen forutset det at organisasjonen i større grad satsar på å bygge opp aktiviteten på skulane framfor å satse ein-sidedig på dialog med styresmaktene.

Skal LNL fortsatt eksistere som eigen organisasjon krevst ei markering mot dei statleg oppretta organa på skulen. Ved opprettinga av kollektivt medlemsskap står LNL i fare for å verte integreert i og drukne i studentråda.

Fellesrådet for sosialhøgskolestudenter, FR

Organisasjonen er basert på individuelt medlemsskap. Organisasjonsprosenten er særst varierende frå skole til skole, frå 30-90%. Det finst lokallag ved alle skolane, men aktiviteten er varierende.

FR arbeidar med utdanningspolitiske saker som er innretta på sosialarbeidarane sin yrkesfunksjon. Andre prioriterte saker er karakterer og nærværspålikt. FR slit forøvrig med manglande grunnplansaktivitet. Organiseringa av sosialhøgskolestudentane vert og hemma av den statleg oppretta styringsstrukturen ved skulane. Det er derfor ei viktig sak for FR og verte godteke som einaste organisasjon.

NKS meiner at FR må ta aktivt del i kampen mot nedskjæringane i helse- og sosialsektoren. Vi ser det som særst viktig at utdanninga sett sosialarbeidaren i best mogleg stand til å slåss for klientane sine interesser.

Sosialarbeidarrolla har ein tosidig funksjon: på den eine sida, vere med å glatte over dei verste utslaga av kapitalismen si utbytting og undertrykking, på den andre sida, - slåss for å ivareta studentane sine interesser ovafor staten. Det har tidlegare vore ei usemje i FR om hva for ei side som har vore den mest fram-

tredande. NKS meiner at sosialarbeidarane til ein viss grad kan velje side for klientane. Det blir difor viktig å styrke utdanninga for å gjere sosialarbeidarane best mogleg rusta til å møte denne oppgava. Mykje av førutsetnadene for å styrke sosialhøgskoleutdanninga vil avhenge av styrken til FR.

NKS meiner at FR skal vere einaste organisasjonen til sosialhøgskolestudentane. Vi meiner og at det er viktig å ta utgangspunkt i dei behov for den aktivitet som finst på grunnplanet.

FR si styrke må særleg grunne seg på den styrken ein organisert og aktiv studentmasse representerer.

Distriktshøgskolens Landsforbund DHL

Dette er ein medlemsorganisasjon for alle DH-studentar, som skal ivareta deira faglege, materielle og sosiale interesser.

Ved dei 13 distriktshøgskolane i landet er det rundt 1985 vel 6500 studentar. Medlemsskapet i DHL skjer kollektivt.

Dei viktigaste sakene dei siste åra har vore styringsstrukturen ved skulane, samt innføring av karakterar på alle liner. Dei fleste DH-skolane har samla humanistiske og teknologisk/økonomiske fag kvar for seg slik at det vert liten fagleg spredning blant studentane. Dei politiske skiljelinene innafor DHL har gått mellom dei konservative studentane på den eine sida og radikale studentar på den andre sida som har danna «sosialistisk front». Denne fronten spenner frå NKS, SV og inn i AUF.

Ved landsmøtet i 1984 mista So-

sialistisk front leiinga av DHL til dei konservative.

Den politiske aktiviteten ved DH-skolane er låg. Dette skuldast mellom anna den store gjennomtrekken ved desse skolane. Innføring av karakterar ved DH-skolane har vore ein lang og hard debatt som syner kor svakt studentane står. Mykje av poenget med DH-systemet er at det skal gje ei kortare og mer yrkesretta utdanning enn det universiteta har gitt. Sjølve strukturen ved desse skolane er lagt opp til at dei raskt

kan tilpasse seg nye behov. Dette gjer at utdanninga ved desse skolane i enda høgare grad enn ellers vil bli knytta til økonomiske konjunkturar og kapitalens trong til profitt.

I tillegg til dei landsomfattande organisasjonane som er nemnt her finst det organisasjonar for ei rekke andre skoleslag. Vi nemner fysioterapeuter, ergoterapi og ingeniørstudiar til eksempel. Det vil sprengje rammene for dette heftet å gå inn på kvar enkelt av desse her.

Korleis utvikle kampdyktige studentorganisasjonar?

Vi har tidlegare vist korleis åtaka frå staten stendig vert hardare. I denne stoda er det viktig at studentane står saman om å avvise styresmaktenes sin itikk.

Den viktigste oppgåva for studentane i dag må vere å legge eit press på regjeringa og storting som kan avgrense og i beste fall stoppe raseringa av høgare utdanning. Dette presse må først og fremst komme frå studentane sjølve, gjennom ulike former for aksjonar og protestmarkeringar, men vi må og vinne stønad i opinionen og søke samarbeid med andre grupper som skoleelevar, tilsette ved universitet og høgskolar, fagrørsla osv.

Til dette treng vi ein kampkraftig fagorganisasjon som kan leie og stå i spissen for studentane sin rettvise kamp.

Denne organisasjonen må vera innretta på å organisere studentane til handling og må ha ei politisk leiing som er i stand til dette. Vi

ønsker å slåss for desse prinsippa for studentorganisering:

«Fri» studentorganisering:

Ettersom studentane sine krav retter seg mot regjering, storting og til ein viss grad til universitet, høgskolar og samskipnadar må organisasjonen vera uavhengig av desse. Dette er først og fremst eit prinsipielt spørsmål.

Målsettinga vår må difor vere å byggje ein slagkraftig fri fagorganisasjon og på dette viset overflødiggjere den statlege studentorganiseringa.

Allmøter:

NKS går inn for å gjenreise allmøtet som høgaste organ. Dette er av dei vi meiner vedtak bør fattast der drøftingane foregår. Reellt demokrati forutset aktivitet og deltaking. Det betyr at allmøtet må ha rett til å pålegge sine representantar vedtak og retningslinjer, samt kunne kon-

trollere at desse blir fulgt. Utover dette bør det vere opp til studentane sjølve å avgjere sin eigen valordning. Dette er ikkje ei sak for departementet.

Valordninga:

NKS går mot forholdstalsprinsippet ved val av studentrepresentantar til høgare organ. Fleirtalsval kan vera med å sikre at den politiske lina som fleirtalet har vedteke og vert deira einheitlege politikk utad. Forholdstalsprinsippet er uttrykk for eit anna særleg studenfenomen, nemleg det sterke innslaget av partipolitisering av studentkampen.

Dette er ei stor hindring for stu-

dentkampen, både fordi det skapar unødvendige skiljeliner og fordi det held det store fleirtalet av studentar som ikkje er partipolitisk aktive utanfor. Av omsyn til studentane si svake stilling er det naudsynt å styrke samarbeidet på enkeltsaker.

NKS går difor inn for:

- Studentane sine interesseorganisasjonar skal være ubundne av statlege pålegg, dvs. at vi på sikt går inn for nedlegging/boikott av den statlege styringsstrukturen.
- å gjenreise allmøta som viktigaste organ ved drøftingar og val
- allmøta skal kunne gje representantane bunde mandat og ha tilbakerecallingsrett

KVINNER I HØGARE UTDANNING

I 1982 var det 100-års jubileum for kvinner sitt tilgjenge til universiteta. Trass i denne lange tida er det framleis langt fram til verkeleg jamstilling mellom kjønna i høgare utdanning.

Det er i dag omlag like mange jenter som gutar som tek artium. Rekrutteringspotensialet av kvinnelige studentar utgjer difor 50%. Likevel er det store kjønnsmessige skilnader når det gjeld lineval. Siden jentene i større grad tek språkartium framfor realartium gjer det at deira framtidige yrkes- og utdanningsval er avgrensa.

Kvinnelige studentar organiserer utdanninga på annan måte enn menn. Det er t.eks. færre kvinner enn menn som planlegg å ta høgare universitetsgrad. Det er og vanle-

gare at kvinner avbryt utdanninga pga. omsorgsansvar.

Når det gjeld forskar- og lærarstillingar ved universiteta er desse dominert av menn. I den grad det finst kvinner vert dei færre jo høgare opp i systemet ein kjem. Denne mannsdominansen hemmer jentene på fleire måter:

For det første har undersøkingar synt at mannlege lærarar i større grad vender seg til mannlege elevar/studentar. For det andre treng jentene å identifisere seg med jenter på høgare fagleg nivå.

For det tredje svekker denne situasjonen jentene sine sjansar til å avansere i og med at fagleg samarbeid mellom studentar og tilsette vil gå i favør av gutane.

Det er all grunn til å hevde at

kvinner vert materielt og ideologisk undertrykt ved høgare lærestadar som i samfunnet ellers. Kampen for å betre jentene sin situasjon i høgare utdanning må rette seg inn på å krevja:

- Gratis daghjemsplassar til alle studentbarn.
- oppvurdering av kvinneforskning og pensum som kastar lys over særleine tilhøve for kvinner

- radikal kjønnskvotering for alle vitenskaplege tisetjingar

NKS stør kvinneorganisasjonane på lærarstadane i kampen mot kvinneundertrykking. Vi vil særleg stø Kvinnefronten som den viktigaste organiserte krafta mot kvinneundertrykking. I tillegg vil NKS ta del i det arbeidet som ulike aksjonsgrupper mot porno og prostitusjon driv ved dei høgare lærarstadane.

UTANLANDSKE STUDENTAR I NOREG

Det finst i alt ca. 2000 utanlandske studentar i Noreg. Dei utanlandske studentane sin situasjon vart forverra med innføring av innvandringsstoppen i 1975.

Lova om innvandringsstoppen gjeld regulering av arbeidsløve. Utan arbeidsløve inga opphaldsløve.

Studentar gis opphaldsløve ved opptak til undervisningsinstitusjonane. På denne bakgrunnen blir einkvar utanlandsk student sett på som «eigentleg arbeidssøkjande». Når utanlandske studentar i likskap med norske studentar vert tvinga ut i deltidsarbeid, vert dette oppfatta som ei stadfesting av denne mistanken. Dette kan resultere i heimsending.

Utanlandske studentar vert pressa frå mange kantar:

- Statens Utlendingskontor freistar å redusere tilgang på opphalds- og arbeidsløve. I tillegg føretekk dei ei sær vilkårleg handsamling

av studentane ved eit uklart lovverk som ikkje gir studentane den naudsynte tryggleiken,

- Statens Lånkasse kan stoppe utlån dersom dei meiner studentane allereie har fått tilstrekkeleg utdanning. Dette gjer at studentar som går ut frå distriktshøgskolen ikkje får fortsette på universiteta. Lånkassa kan og stoppe utlån dersom dei meiner den faglege progresjonen er for liten,
- Universiteta avgrensar opptak av utanlandske studentar ved rasjonalisering og innstramming av opptakskriterium og immatrikuleringsgrunnlaget

Den viktigaste faktoren som kan rette på desse tilhøva vil vere å oppheve innvandringsstoppen.

Utanlandske studentar blir og konfrontert med særleine problem i sjølve utdanninga. Mange av dei klarer ikkje å gjennomføre studia på ein fagleg forsvarleg måte. Dette

kan ikkje løysast ved strengare opp-
takskrav som berre vil premiere folk
frå vår eigen kulturbakgrunn, men
ved at undervisning og rettleiing
vert bygd ut.

Norske styresmakter sin politikk
andsynes utanlandske studentar sy-
ner at det er studentar frå den tredje

verda som vert råka hardest.


Det er viktig at studentorganisa-
sjonane ivaretek dei utanlandske
studentane sine faglege og sosiale
krav. NKS stør Foreign Students
Union sitt arbeid for å ivareta dei
særeigne interessene til utanlandske
studentar i Noreg.

UTDANNINGSPROGRAMMET ER VEDTATT PÅ NKS SIIT

5. LANDSMØTE FEBRUAR 1985.

NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND:

Boks 6875 St. Olavs Plass, 0130 Oslo 1. Telefon: (02) 11 45 73



pris kr.10,-